



Arbeidstilsynet

VÅR DATO
06.07.2016

DYKKAR DATO
17.06.2016

VÅR SAKSHANDSAMAR
Ellen Meldahl tlf 958 15 997

VÅR REFERANSE
2016/27308 451707/2016
DYKKAR REFERANSE

1

Hordaland Fylkeskommune Egedomsavdelinga
Postboks 7900
5020 BERGEN



Vedtak om samtykke på vilkår og gebyr Behandling av søknad om samtykke etter arbeidsmiljølova § 18-9

Gnr 27 Bnr 811 -Øvre Sæ - Stord - Hordaland fylkeskommune - Bussanlegg Sunnhordland

Vi viser til søknad av 17.06.2016 om samtykke etter arbeidsmiljølova § 18-9 frå Ing. Øyvind Jørgensen AS. Vi viser vidare til e- post med kommentarar og innhenting av opplysningar i e- post frå Arbeidstilsynet 30.06.2016, mottekne ventilasjonsplanar datert 13.06.2016 og tilleggsopplysningar med reviderte teikningar datert 04.07.2016.

Vi har motteke situasjonsplan, teikningar, innreiingsplanar, ventilasjonsplanar, dokumentasjon av medverknad, beskriving av arbeidsoppgåver og informasjon om arbeidsmiljøfaktorar, rammetillatelse m.v.

Søknaden omfattar bussanlegg som inneheld verkstad og vaskehall med drivstoffpåfylling for bussar, med tilhøyrande støtterom, kontor og personalrom, samt administrasjon med sjåførfasilitetar som inneheld kontor, kontorfellesskap/landskap, stillerom, møterom og personalrom og lager. Det er universell utforming i arbeidsrom og personalrom. Dagslys og utsyn vil vera tilgjengeleg ved alle faste arbeidsplassar. I andre høgda over kontordelen er det teknisk rom og disponibelt areal med tilkomst via vindeltrapp. Det er tilrettelagt med reinhaldsrom. Det vil bli, og er på gang planlegging og kontrahering av anlegg som syt for punktavsug til alle dei områder der dette er påkrevd. Veggjer til kompressorrom vil bli lydisolert og det vil bli brukt akustiske materialar på innvendige flater for demping av lyd inne i rommet. Ved støyande aktivitetar vil høyrsevern vera påkrevd.

Vurdering

Arbeidstilsynet vurderer at arbeidslokala er tilrettelagt og innreidd med tanke på dei aktivitetane som skal gå føre seg i bygget. Det er teke omsyn til at arbeidstakarar med nedsett funksjonsevne kan arbeida i bygget, det vert teke omsyn til støy, gjennom støydempende tiltak og stillerom i tilknytning til kontorfellesskap. Det vert montert balansert ventilasjon og prosessventilasjon der dette er påkrevd. Det er tilrettelagd for reinhaldspersonale med eige reiskapsrom med moppevaskar. Her manglar undertrykk og det vert difor stilt vilkår om dette. I samband med disponibelt areal i andre høgda er det opplyst at det kan nyttast som lager. Vi vil stilla vilkår om at dersom det disponible arealet skal nyttast til arbeidsplassar eller lager som krev vesentleg transport av varer og/eller utstyr vil det stillast krav om tilkomst via løfteplattform/heis.



Vedtak

Arbeidstilsynet gir med heimel i arbeidsmiljølova §§ 18-9 og 18-6 sjette ledd samtykke til planane på desse vilkåra:

1. Ventilasjon må tilpassast og innregulerast slik at det vert undertrykk i reiskapsrom/moppevask. Jf. Forskrift om utforming og innredning av arbeidsplasser «arbeidsplassforskriften» §§ 2-14 og 3-8 (se kommentar til forskrift)
2. Dersom andre høgda skal nyttast som arbeidsplass og evt. lager kor det jamleg vert transportert varer mellom høgdena, må det leggjast til rette med trinnfri tilkomst som heis/løfteplattform. Jf. Arbeidsmiljølova §§ 4-4 andre ledd og 4-6 første ledd, samt «arbeidsplassforskriften» § 2-1 første ledd og 2-4 første ledd.

Vilkåra for dette samtykket skal følgast opp av tiltakshavaren, eventuelt i samarbeid med arbeidsgivarar/leigetakarar, jf. arbeidsmiljølova § 18-6 sjette ledd. Sjå òg § 1-3 tredje ledd i forskrift om utforming og innretning av arbeidsplassar og arbeidslokale som regulerer ansvaret til utleigaren.

Samtykket blir gitt på bakgrunn av opplysningane og planane som låg føre på tidspunktet for vedtaket. Samtykket er ikkje ei godkjenning av lokala eller arbeidsplassen. At Arbeidstilsynet gir samtykke til planane, betyr ikkje at tilsynet går god for at alle krava til fysisk arbeidsmiljø er oppfylte. Det er tiltakshavaren/arbeidsgivaren som har ansvaret for at lova/forskriftskrava blir overhaldne, og at arbeidsmiljøet er tilfredsstillande under bruk.

Innbetaling av gebyr

Ifølge forskrift om utforming og innretning av arbeidsplassar og arbeidslokale § 9-1 og forskrift om administrative ordningar på Arbeidstilsynet sitt område § 14-1 skal det betalast gebyr til Arbeidstilsynet ved behandling av søknader etter arbeidsmiljølova § 18-9 første ledd. Gebyrsatsen er avhengig av kva type tiltak det er snakk om, og storleiken på bygget. For nærmare informasjon om gebyrordninga, sjå www.arbeidstilsynet.no/gebyr.

Ut frå opplysningar i søknaden har vi plassert tiltaket i kategori 3d og fastsatt beløpet til kr 16883,-.

Faktura blir send i eiga sending til deg som tiltakshavar. Dersom gebyret ikkje blir betalt innan fristen, vil kravet bli drive inn med tvang og med tillegg av kostnadsgebyr.

De kan klage

De kan klage på vedtak og gebyr frå Arbeidstilsynet etter reglane i forvaltningslova § 28. Fristen for å klage er tre veker frå de får dette brevet. For nærmare informasjon om klageinstans, framgangsmåte ved klage og retten til å sjå saksdokumenta, sjå www.arbeidstilsynet.no/klage.

Behov for meir informasjon?

De finn meir informasjon om Arbeidstilsynet og krav til arbeidsmiljøet på www.arbeidstilsynet.no eller www.regelhjelp.no, eller de kan kontakte oss på telefon 73 19 97 00.



Vi ber om at de viser til vår referanse 2016/27308 ved seinare kontakt/korrespondanse i denne saka.

Med helsing
Arbeidstilsynet Vestlandct

Johs B Lægland
tilsynsleder
(sign.)

Ellen Meldahl
seniorinspektør
(sign.)

Dette brevet er godkjent elektronisk i Arbeidstilsynet og har derfor ingen signatur.

Kopi til:

Stord kommune avd. for byggesak

Postboks 314

5402 STORD

Ing Øyvind Jørgensen AS

Postboks 1286 Heiane

5406 STORD

Hovudverneombod Hordaland Fylkeskommune

Postboks 7900

5020 BERGEN

Hordaland Fylkeskommune Egedomsavdelinga
Postboks 7900
5020 BERGEN

Vedtak om Samtykke- Bussanlegg

Nå kan du raskere motta brev fra Arbeidstilsynet ved å lese brevet digitalt i Altinn.

Grunnen til at du har mottatt dette brevet i papir er enten A, B eller C.

A) Du har fått et varsel på SMS og/eller epost om at Arbeidstilsynet har sendt brev til deg, men du har ikke åpnet og lest det i Altinn-meldingsboksen din. Derfor, etter to dager, sendte vi brevet også manuelt. Du kan fortsatt lese brevet i Altinn selv om du nå har mottatt brevet i papir.

B) Du har ikke fått et varsel fordi din varslingsadresse ikke var oppgitt eller var feil, og av den grunn har du ikke fått kjennskap til at du kan lese brevet i Altinn.

C) Arbeidstilsynet har ikke sendt brevet digitalt til deg.

Arbeidstilsynet jobber aktivt med digital kommunikasjon og flere og flere vil få brevene sine levert digitalt. Vi benytter i all hovedsak organisasjonsnummeret til den juridiske enheten.

På <https://www.altinn.no> finner du din meldingsboks. Du logger deg på med din bankID eller den måten du bruker for innlogging. Sørg for at dine varslingsadresser er korrekte.

Ønsker du at flere i din virksomhet skal ha mulighet til å ta ut/lese brevene, må du gi dem rettigheter til aktuell virksomhet. I tillegg må du delegere rollen Post/arkiv til vedkommende.

Mer detaljert oppskrift finner du på nettsiden til KS, som forvalter utsendingstjenesten SvarUt:
<http://www.ks.no/fagomrader/utvikling/digitalisering/svarut/mottak-av-post-gjennom-svarut/>

Du kan svare oss digitalt ved å benytte vårt organisasjonsnummer 974761211 for digital forsendelse til vår Altinn-boks eller du kan benytte vår offisielle e-post-adresse post@arbeidstilsynet.no.

Husk alltid å oppgi vår referanse ved svar.

Med hilsen
Arbeidstilsynet